

**Fra:** Helge Rambjør <helgerambjor@gmail.com>  
**Sendt:** 16. juni 2014 11:37  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Re: Uttale til Reguleringsendring Stormyra næringspark, Mongstad

Hei  
Her er innhaldet:

Bygdefolk i Knarvik Nord  
v/ Helge Rambjør  
Knarvikgarden 61  
5955 Lindås 12. juni 2014

Til  
Multiconsult AS  
v/ Bent Stensaker  
Nesttunbrekka 99  
5221 Nesttun

Kopi til Lindås Kommune

Protest mot Endring av reguleringsplan , Lindås Kommune, gnr. 127, bnr. 111, 125, 126 mfl  
Stormyra næringspark, Mongstad

Me viser til informasjon om dette i Strilen 15. mai 2014.

Me er sterkt i mot omregulering av det 285 daa store området kalla Grøntstruktur i kartet. Dette er regulert til grøntstruktur pr i dag.

Som nære naboar til et stort område på mange tusen mål regulert til næring, så er det svært viktig at dei urørte områda som er att no får vera i fred. Eventuelle jorddeponi ein har behov for får ein etablere inne på det området som er regulert til næring.

Me kan heller ikkje akseptera denne omreguleringa avdi dette området ligg svært tett inn på bygda vår. Etablering av veg og deponi her vil innebera mykje sprengning, støy og støv då store deler av området er ein bratt skråning ned mot vegen mot basen.

Vidare er dette området og tilgrensande område (Hellestveitnovi og vidare nordover) mykje brukt til turområde. Her er mykje fin lauvskog og et rikt fugle og dyreliv. Her er mykje hjortetrakk og ein smal forbindelse mellom dei nordlige delar som er avsett som LNF eller grøntområde i kommunedelplanen. Dette som eit samanhengjande område er viktig både for rekreasjon og ikkje minst for hjorten. Ved å bruka dette som deponi vert både ferdsel for rekreasjon, dyre og fugleliv forstyrta.

Lindås kommune vedtok på 80-talet å planta gran som støyskjerm mellom Knarvikgarden og det sørlige industriområdet. Dette vart det aldri noko av. I et møte på Mongstadbase for et par år sidan

lovte kommunen å forsøkja å etterkoma vårt ønske om å heller etablere ein jordvoll som støyskjerm. Med dei mengdene jord ein får ved utbygging av Stormyra må ein nytta sjansen til å få på plass denne jordvollen.

Jord er ein viktig og begrensa ressurs som det er eit nasjonalt mål å ta vare på og nytta til matproduksjon. Difor bør jord som vert til overs ved utbygginga tilbys lokale bønder, og kostnaden med dette må vera ein del av utbyggingskostnaden.

Med helsing  
Helge Rambjør, for Bygdefolk i Knarvik Nord

2014-06-16 10:22 GMT+02:00 Postmottak Lindås <[Postmottak@lindas.kommune.no](mailto:Postmottak@lindas.kommune.no)>:

Hei

Denne filen er det noko feil på. Får ikkje fram innhaldet.

Lilli Ann Dyrkolbotn

Dokumentsenteret

-5129

**Fra:** Helge Rambjør [mailto:[helgerambjor@gmail.com](mailto:helgerambjor@gmail.com)]

**Sendt:** 14. juni 2014 21:05

**Til:** [bent.stensaker@multiconsult.no](mailto:bent.stensaker@multiconsult.no)

**Kopi:** Postmottak Lindås

**Emne:** Uttale til Reguleringsendring Stormyra næringspark, Mongstad

Sjå vedlegg

Med helsing

Bygdefolk i Knarvik Nord, v/ Helge Rambjør

----- Videresendt e-post -----

From: Elisabeth Valdersnes <[Elisabeth.Valdersnes@lindas.kommune.no](mailto:Elisabeth.Valdersnes@lindas.kommune.no)>

To: Lilli Ann Dyrkolbotn <[LilliAnn.Dyrkolbotn@lindas.kommune.no](mailto:LilliAnn.Dyrkolbotn@lindas.kommune.no)>

Cc:

Date: Mon, 16 Jun 2014 10:18:34 +0200

Subject: Sendt fra Utklippsverktøy

Microsoft Word

Filen Reguleringsendrin  
innholdet.

